



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til drift av verksemd etter forureiningslova for

Norsk Protein, avdeling Grødaland

gitt i medhald av "Lov om vern mot forurensningar og om avfall" av 13. mars 1981 nr 6, § 11, jf § 16. og § 29. Løyvet bygger på opplysningar gitt i søknad mottatt 7/1-01 og opplysningar mottekne ved handsaming av søknaden. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 14.

Løyvet gjeld verksemda på område regulert til industriverksemd på Grødaland i Hå kommune. Løyvet gjeld frå 29/12-05. Løyvet erstattar det som ble gitt til Agro Fellesslakteri 22/12-81 og endra 22/8-94. Løyvet gjeld mottak og prosessering av animalsk avfall.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing om driftsomfanget slik at Fylkesmannen kan vurdere om det er naudsynt med eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata:

Eigar:	Norsk Protein as	Verksemdadr.:	Grødaland, 4367 Nærbø
Postadr:	Gamle Forusveien 50	Plassering:	Gnr 14, bnr 2
Poststad:	4033 Stavanger	Kommune:	Hå kommune (nr. 1119)
Org. Nr.	921 042 434	Fylke:	Rogaland
Bransje:	37.200 Gjenvinning av ikkje metallhaldig avfall og skrap	NACE-nr	37.20
		NOSE-nr	105.14
Verksemda sin IPPC-kategori ¹	6. Anna verksemd (6.5)	Løyve nr. (INKOSYS):	1980002
Fylkesmannens referanse	Saknr. 04/15152 Ark. Nr. 461.31	Verksemdnum- mer (INKOSYS):	A60009

Løyve gitt: 29/12-05

Marit Sundsvik Bendixen
Seksjonsleiar

Kristian Solberg
Overingeniør

¹ EUs Rådskildirektiv 91/61 EF, vedlegg 1, pkt. 6.a og 6.4, jfr. artikkel 2, pkt. 3.

1. Produksjonstilhøve/utsleppstilhøve

1.1 Generelt

Løyvet er gitt til Norsk Protein as, avd. Grødalaland. Løyvet inneheld ei rekke krav og plikter. Det er Norsk Protein as, ved den juridisk ansvarlege leiar og eigarrepresentant, som er økonomisk og juridisk ansvarleg for at krav og intensjonar i løyvet blir etterlevd.

Ved vesentlege endringar i produksjon, produksjonsutstyr og infrastruktur, reinseanlegg m.m., skal verksemda søke om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innafør fastsette grenser, jf. forureiningslova § 20. Fylkesmannen avgjer om endring av løyvet er naudsynt.

På grunn av EØS-avtalen er EUs Rådskildirektiv 91/61 EF² om integrert førebygging og avgrensing av forureining (IPPC-direktivet) nå implementert i norsk lovgjeving. Direktivet stiller krav om at verksemdar skal nytta beste tilgjengelege teknikkar (BAT – Best Available Techniques).

1.2. Produksjonstilhøve

Løyvet gjeld mottak av og forureining frå destruksjon av 40 000 tonn animalsk avfall. Løyvet gjeld også forureining frå produksjon av 10500 tonn beinmjøl, 7000 tonn animalsk feitt og prosessering av 15 000 tonn matavfall.

1.3. Utsleppstilhøve

Vilkåra i løyvet er basert på eit prosessavløp på 100 m³/døgn (jfr. søknaden). Dette ynskjer ein å kunne auke til 12 m³/t i 24 timar og i 240 dagar av året. Prosessavløpet, saman med sanitært avlaupsvatn, har blitt leia ut i sjøen via eigen utsleppsleidning, men er nå kopla til offentleg utsleppsleidning. Deler av overflatevatn blir leia i same avlaupsleidningen, mens resten renn til bekk i nærleiken.

1.4. Energihilhøve

Løyvet er basert på at det skal nyttast opp mot 97 000 000 megajoule eller 27 GWh. Varmeenergien som vert nytta i produksjonen, kjem frå Norsk varme- og energiproduksjon as. Verksemda sine tidlegare varmekjelder (el-kjel og røykrøyrskjel), skal i utgangspunktet ikkje nyttast.

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensingar i løyvet

Dei utsleppskomponentane som ein meiner har dei største miljømessige konsekvensane, er uttrykkeleg regulert av vilkår i løyvet. Andre komponentar er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp blei lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller må ha vært kjende på anna vis då vedtaket blei gjort.

2.2. Overhalding av grenseverdier

Der det er satt grenseverdier for utslepp med bestemte midlingstider, skal ikkje variasjonar i utsleppa, innanfor dei fastsette midlingstidene, avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at utsleppa kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.

² Stortinget har i vedtak av 12. desember 1997 godkjent EØS-komiteéns beslutning om å innlemme direktivet i EØS-avtalen gjennom behandling av St prp nr 4 (1997-98). Dokumenta finst på nettsidene til SFTs og IPPC-byrået : www.sft.no/lover/ippcdirektiv/ippc-direktivet.htm og <http://eippcb.jrc.es>

Dersom unormale driftstilhøve eller liknande kan føra til fare for auka skade eller ulempe for miljøet, pliktar verksemda å setja i verk tiltak som er naudsynte for å hindra at slike situasjonar oppstår. Om naudsynt må drifta reduserast eller innstillast.

Verksemda pliktar, så snart som mogeleg, å varsle Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessig verknad, jfr. elles pkt 9.4. om akutt forureining.

2.3. Plikt til å redusere utslepp så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om forureiningar blir haldne innafor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusera dei så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også forureiningar som det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom vilkår.

Dette inneber m.a. å syte for

- optimal drift av prosessutstyr og reinseinstallasjonar
- et tilstrekkeleg førebyggjande vedlikehald av utstyr der manglande vedlikehald kan få konsekvensar for utsleppet
- effektiv bruk av energi

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengde, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn i søknaden, som minimum føra til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4. BAT-tiltak (Best Available Techniques)

Verksemda pliktar å nytte beste tilgjengelege teknikkar (BAT – Best Available Techniques)³ som gjeld denne type verksemd. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar samt reining av avlaup. Eit vilkår for løyvet er at verksemda driv i samsvar med direktivet sine krav innan 31/10 – 07. At dette skjer skal kunne dokumenterast m.a. med tall for bruk av energi og av vatn og med tal for avlaupsreining.

Verksemda pliktar å halde seg oppdatert innafor bransjens BAT. Som ein del av verksemda si internkontroll skal det derfor skje ei løypande vurdering og, om føremålstenlig, implementering av dei beste tilgjengelege teknikkar, jfr. IPPC-direktivets artikkel 2-11.

Løyvet kan endras dersom vesentlege endringar i BAT gjer det mogeleg med ein monaleg reduksjon av utsleppa utan at det fører med seg uforholdsmessig store kostnader, jfr. IPPC-direktivets artikkel 13.

2.5. Biproduktforordninga

Løyvet er avhengig av at verksemda prosesserar og handterar det mottekne avfallet og produkta i samsvar med biproduktordninga, (EF) nr. 1774/2002. Dette gjeld også dei forordningane som endrar og utfyllar denne forordninga, m.a. (EF) nr. 12/2005 og forordning (EF) nr. 92/2005. Elles skal drifta følgje reglane til tilsynsstyresmaktene for animale biprodukt.

³ EU utarbeider m.a. bransjevise dokument for å indikera kva som blir sett på som BAT i de einskilde bransjane, såkalla BAT referanse dokument (BREF-dokument). Her synes m.a. kva slag utsleppsnivå som er oppnåelege ved bruk av ulike teknikkar og kva slag teknikkar som blir vurdert i samsvar med direktivet sitt krav om BAT. Dokumenta finst på IPPC-byråets nettstad <http://eippcb.jrc.es> (BREF-dokumenta er på ca. 7 MB), <http://eippcb.jrc.es/pages/FActivities.htm>

2.6. System for internkontroll

Verksemnda pliktar å ha eit system for internkontroll som omfattar alle aktivitetar, jfr. gjeldande forskrift om dette.⁴ Systemet skal m.a. sikre og dokumentere at verksemnda overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda pliktar, i sitt internkontrollsystem, å ha oversyn over alle aktivitetar som kan føra til forureining, og kunne gjere greie for risikotilhøva. Systemet skal identifisere dei personar og funksjonar som er ansvarlege for drift av reinseanlegg, avlaupssystem, akutt forureining, beredskapstilhøve og loggføring/rapportering. Det er verksemnda sitt ansvar at personane har den naudsynte kompetanse.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utsleppsgrenser

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utslepps-komponent	Utslepps-kilde	Utsleppsgrenser			Gjelder frå
		Langtidsgrense Midlingstid: År	Korttidsgrense I Midlingstid: Time	Korttidsgrense II Midlingstid: Døgn (24 timer)	
Feitt	Prosess	100 mg/l	120 mg/l	110 mg/l	1/2-07
Oljehaldig vatn	Verkstad o.l.	20 mg/l	20 mg/l	20 mg/l	d.d. ^A

^Ad.d.=dags dato

Krava gjeld inntil vidare. Når det er avklart om Miljøfôr Norge as blir lagt ned eller ikkje, og/eller når det er greidd ut årsaker til det høge utsleppsnivået, vil det bli vurdert å sette krav til utslepp av biologisk oksygenforbruk (BOF).

Det skal etablerast påsleppsavtale med kommunen. Denne kan regulera parameterar som kommunen/eigar av reinseanlegg finn det naudsynt å regulera, jfr. endring 15/12-05 i forureiningsforskriftas del 4., Kapittel 15 A om påslepp og § 15-A, 1. ledd. Dersom partane i avtalen kjem til at det er formålsteneleg med andre utsleppsgrenser, utan at reinsinga av det kommunale avlaupsvatnet blir svekka, kan Fylkesmannen vurdere å justere løyvet på desse punkta.

3.2. Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.

3.2.1 Reinseanlegg

Utsleppa frå verksemnda vil bli reinsa i kommunalt reinseanlegg før utslepp til resipient. Om naudsynt må det installerast utjamningsbasseng for å sikra funksjonaliteten til nedstraums reinseanlegg. Ved lang opphaldstid må innhaldet luftast for ikkje å bli anaerobt. Eventuell lukt og utlufta luft må leidast til forbrenning eller luktfjerningsanlegget.

⁴ Forskrift om systematisk helse,- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6. desember 1996 (Internkontrollforskriften)

3.2.2 Intern reinsing/forbehandling

Før påslepp til kommunalt nett, skal alt prosessavlaup passere ein tilstrekkeleg dimensjonert sil eller tilsvarande reinseanlegg. Silen sin lysopning må tilpassast slik at også kommunale krav blir tilfredstilte, men største lovlege opning er 0,8 mm. Silen eller tilsvarande reinseanlegg, skal etablerast innan 1/2-07.

Temperaturen til avlaupsvatnet skal vere så låg at interne reinseprosessar og måleutstyr fungerer optimalt og slik at nedstraums reinseanlegg ikkje får driftsproblem.

Det skal liggja føre driftsinstruks og utpeikast ein driftsansvarleg for reinseanlegga.

3.2.3 Mål for reinsing/interne tiltak

Det skal vere eit overordna mål for alt arbeid internt i verksemda å få så låge utslepp som mogeleg. Det skal også vere eit mål at utsleppet frå destruksjonsanlegget ikkje skal vere høgare enn ved andre tilsvarande verksemder i Noreg.

3.3. Utsleppsstad for prosessavlaup

Verksemda skal føra sitt prosessavlaup inn på offentleg avlaupsanlegg med utslepp i Nordsjøen i samsvar med påsleppsavtalen med eigar av avlaupsanlegget. Påsleppet må skje innafør det som avlaupsdirektivet til EU (91/271/EØF) definerer som avlaupsanlegg, dvs i denne samanheng på avlaupsleidningen til og med det som definerast som reinseanlegget, og ikkje seinare enn 0,5 år etter at reinseanlegget er operativt. Inntil reinseanlegget er etablert, er det tillette å nytte eksisterande avlaupsanlegg og utsleppsleidning.

3.4. Kjølevatn

Det er ikkje søkt om å sleppe ut kjølevatn frå verksemda. Det er ikkje lov å sleppe ut kjølevatn til avlaupsnett eller vassdrag. Verksemda pliktar å legge til rette for utnytting av spillvarmen, jfr. 7.2.2.

3.5. Sanitæravlaupsvatn

Sanitæravlaupsvatn skal haldast skilt frå prosessavlaupsvatn før påkopling til offentleg avlaupsnett. Verksemda pliktar å følgje dei krav anleggeigar stiller for utslepp av sanitæravlaupsvatn. Dette løyvet grip derfor ikkje inn i retten den ansvarlege for offentleg avlaupsnett har til å stille krav ved eventuell tilknytning til nettet.

3.6. Overflatevatn

Takvatn og anna overflateavrenning føres i dag delvis til hovudavlaupsleidningen som leier dette ut i sjø via utsleppsleidningen. Overflatevatn blir også leia til bekk i nærleiken. Overflatevatn skal i utgangspunktet ikkje leiast til reinseanlegget og Norsk Protein AS må fjerne dette frå avlaupet før det kommunale reinseanlegget blir bygd med mindre påkoplingsavtalen med eigaren av det offentlege avlaupsnett gjer rom for noko anna.

Avrenning av overflatevatn frå uteareala til verksemda, som kan føra til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Det skal ikkje skje spyling av utstyr eller kjøretøy på areal som drenerer til vassdrag event. via overvassleidning. Det skal heller ikkje skje lagring av utstyr, tankar og liknande som ikkje er reingjort, på areal som drenerer til overvassnett. Om naudsynt må slike operasjonar gjerast innandørs. Dersom det blir utført operasjonar som t.d. omlasting eller liknande der det kan oppstå fare for lekkasjar, er det naudsynt at overvassleidningane kan stengast og lekkasjar samlast opp, jfr. pkt. 9.

Verksemda pliktar å føre tilsyn med overvasskummar, eige leidningsnett og uteareala, og å ta i bruk tilsynsrutinar i internkontrollsystem for å hindra og for å retta opp feil.

Verksemda skal vurdere om det er naudsynt med utjammingsbasseng der det kan skje sedimentering, ei viss nedbryting av ureiningar og oppsamling av akutte utsepp. Slikt basseng skal event. etablerast innan ein nærare fastsett frist. Vurderinga skal sendast Fylkesmannen innan 1/6-06.

3.7. Oljehaldig avlaupsvatn frå verkstad o.l.

Eventuelt oljehaldig avlaupsvatn skal reinsast tilfredsstillande, jf gjeldande forskrift⁵, jfr. pkt 3.1. Påslepp av reinsa avlaupsvatn på offentleg avlaupsnett må elles tilfredsstilla dei krav som den ansvarlege for avlaupsnettet (kommunen eller interkommunalt selskap) måtte stilla.

4. Utslepp til luft

Etter etableringa av Norsk varme- og energiproduksjon as, har Norsk Protein AS inngått ein langsiktig avtale med dette firmaet om levering av damp frå april 2005. Norsk varme- og energiproduksjon as kan også disponere elektrokjellar og røykrøykjellar som Norsk Protein AS eig. Det har blitt satt utsleppskrav for energianlegget i eit separat løyve, og i utgangspunktet gjeld løyvet berre forbrenning av avfall og ikkje utslepp frå røykrøykjellar som Norsk Protein AS nytta tidlegare. Det er dermed berre Norsk Protein AS som kan nytte kjelane.

Dersom det skulle bli aktuelt at verksemda sjølvstendig må nytte røykrøykjellar som energikjelde i staden for damp kjøpt frå Norsk varme- og energiproduksjon as, vil det automatisk bli satt krav til avgassutslepp. Damp frå kjelane kan ikkje nyttast dersom ikkje krava i tabell 4.1 ikkje kan etterkomast.

4.1. Utsleppsgrenser

Følgjande utsleppsgrenser^B gjeld:

^BFor brenngassane gjeld dette ved normalisering til 3 vol-% O₂ og tørr gass, temp. 273 K, trykk 103,1 kPa

Utslepps-komponent	Utsleppskilde	Midlingstid	Utsleppsgrenser	Gjeld frå
Støv	Brenning av naturgass	12 timer	5 mg/Nm ³	d.d.
	Brenning av olje		50 mg/Nm ³	d.d.
NO _x ^C	Brenning av naturgass	10 x 1/2 time	100 mg/Nm ³	d.d.
	Brenning av olje		300mg/Nm ³	d.d.
CO ^C	Brenning av naturgass	10 x 1/2 time	50 mg/Nm ³	d.d.
	Brenning av olje		100mg/Nm ³	d.d.
Lukt ^D	Mottak/Prosess/Lager	1 minutt	15 LE/m ³	d.d.

^C For Nox (Nitrogenoksider) og CO(karbonmonoksyd) betyr ei kontrollmåling at det skal føretas 10 målingar à ½ t. Grenseverdiane kan reknast som overhaldne viss 90 % av målingane er innafor det oppgitte ½ t middel.

^D Drifta av verksemda skal ikkje føra til at verksemda sitt samla bidrag til luktbelastning i området, overskrider ein fastsett luktgrenseverdi. Grenseverdien er 15 LE/m³ ved eigedomsgrensa i industriområder/øpne landbruksområder og under 10 LE/m³ i boligområder, jfr den danske Miljøstyrelsens vegleiing nr. 4/1985, kap. 5.1 (LE=luktekvivalentar).

4.2. Diffuse utslepp

⁵ Kapittel 13 i forurensningsforskriften av 14/7-04: Utslipp av oljehaldig avløpsvann og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmidler.

Diffuse luktutslepp frå transport, produksjonsprosessen og frå uteareal, m.a. ureine lagerein- ingar, som kan føra til skade eller ulempe for miljøet, skal reduserast mest mogleg. Lukt skal i størst mogleg grad samlast opp i ventilasjonssystem og leiast til reinseanlegg. Eit alternativ er at luktforureina luft nyttast som luftkjelde i energianlegget. All lukt som oppstår grunna aktivitet på Norsk Protein AS sine areal, blir rekna som verksemda sitt ansvar og kjem inn under dette løyvet.

Rutinar for kontroll, og oppfølging av utslepp til luft, skal vere ein del av internkontrollen til verksemda. Reglane for bruk av BAT i punkt 2.4. gjeld også for lukt og andre utslepp til luft.

4.3. Krav til utsleppshøgde

Eventuelle skorsteinar skal være så høge og reinseanlegg så effektive, at konsentrasjonen av NO_x, svevestøv og SO₂ ved bakkenivå eller ved nærliggande luftinntak ikkje overskrider krav til luftkvalitet fastsett i Kapittel 7 i forurensningsforskriften av 14/7-04: Lokal luftkvalitet.

5. Kjemikalie, råstoff og produkt

5.1. Råstoff/produkt

5.1.1.

Verksemda må innhente godkjenning hos Mattilsynet i høve til forordning (EF) nr. 1774/2002 (biproduktforordninga) for råstoffet som skal handsamast. Dersom verksemda skal ta imot anna avfall enn søkt om, må det i tillegg innhentast løyve hjå forureiningsstyresmaktene. Det kan ikkje prosesserast råstoff som gjer slam frå kommunalt reinseanlegg uegna til attvinnings- føremål.

5.1.2.

Verksemda kan ikkje ta imot avfall/råstoff dersom anlegget har stogga p.g.a. tekniske prob- lem, har vanskar med produktavsetnad, og transportproblem m.m., og det dermed er fare for at det kan oppstå lukt, avrenning eller andre miljømessige ulemper på grunn av driftsstansen. Det er forbode å lagre og å la avfall/råstoff stå ute i påvente av destruksjon dersom det kan oppstå ulemper som nemnt. Verksemda pliktar å varsle leverandørar om dette snarast råd. Si- tuasjonar som dette må beskrivas i internkontrollsystemet, takas inn i beredskapsplanen og samordnast med leverandørane sine internkontrollsystem.

5.1.3.

Det er forbode å ta imot avfall/råstoff som blir transportert på eit vis som kan føra til miljø- messige ulemper som t.d. lukt og lekkasjar frå konteinarar.

5.1.4.

Produkta er i utgangspunktet å rekne som destruksjonsprodukt/avfall. Dette løyvet er basert på at produkta/avfallet vert kanalisert til lovlege mottakarar. Mottakarane skal vere godkjende av veterinær- og helsestyresmaktene.

5.1.5.

Verksemda pliktar å føre liste over mengdene motteke avfall/råstoff frå dei forskjellige produ- sentane og mengd produkt som går til dei ulike mottakarane. Mot. produkt som skal nyttast som gjødsel, gjeld ” Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav”.

5.2. Desinfeksjonsmiddel

Bruk av desinfeksjonsmiddel skal ikkje føra til fare for forgifting av miljøet ved den endelege utsleppsstaden for prosessavløpet eller i reinseanlegg. Bruk av desinfeksjonsmiddel må avklarast med reinseanleggeigar. Det same gjeld m.o.t. disponering av desinfeksjonsmiddel/emballasje som avfall.

5.3. Kjemikalietesting

Kjemikalier som blir nytta på ein slik måte at det kan føra til fare for forureining, skal vere testa med omsyn på nedbryting, toksisitet og bioakkumulering. Berre laboratoria som er godkjent iht. Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert iht. NS-EN/IEC 17025:1999, kan nyttast til uttesting.

5.4. Substitusjonsplikta

Verksemnda skal, jfr. produktkontrollova⁶, etablere eit system for substitusjon av kjemikalie. Dette inneber at det skal skje ei laupande vurdering av fare for skadelege effektar på helse og miljø årsaka av dei innsatsstoff (kjemikalier og råstoff) som blir brukte og om det er alternative innsatsstoff. Dette skal også vurderast ved endeleg disponering av verksemnda sine produkt, dvs. når produkta blir kasserte. Der det er slike alternativ, pliktar verksemnda å nytte desse så langt det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Substitusjonssystemet skal tas med i internkontrollsystem til verksemnda jfr. punkt 2.6.

6. Støy

6.1. Maksimalt lovlege støynivå

Støybidrag frå verksemnda skal ikkje føra til at følgjande grenser for ekvivalent, kontinuerleg støynivå i dBA blir overskridne, målt ved næraste bustad, eller annan bustad som eventuelt blir meir støyutsett:

Kvardagar og kveld: 0700-2300	Natt 2300-0700 (utanfor soverom)	Gjeld frå
Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB, $L5AF$ 60 dB	d.d.

Støynivået i L_{den} eller L_{night} for eit enkelt driftsdøgn skal ikkje overskride årsmiddel i gjennomsnitt med meir enn 3 dB. Ved vurdering/måling av støy, skal det leggjast til grunn vegleiar T-1442 til Miljøverndepartementets retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging.

Sjølv om verksemnda held seg innafør grenseverdiane, endrast ikkje plikta til å redusere forureining mest mogleg, jfr. krav om bruk av BAT, pkt. 2.4. Dette kan m.a. innebere skjerming av vifter, laste-losseområder etc.

7. Energi

7.1. Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energibruk skal reknast ut og rapporterast, jfr. pkt. 11.2

⁶ F§ 3a i produktkontrolloven av 11.06.79 nr. 79

7.2. Energieffektivitet

7.2.1 Energistyringssystem

Verksemda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal inngå i verksemda sin internkontroll for løypande vurdering av energieffektivitet. Reglane for bruk av BAT i punkt 2.4. gjeld også for verksemda sin energibruk.

Energistyringssystemet skal være etablert innan 31/10-07.

Ved vesentlege prosessendringar og utviding av anlegget skal tiltak for auka energieffektivitet vurderast.

7.2.2 Utnytting av spillvarme

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsvarme frå eksisterande og nye anlegg internt.

Det skal også leggjast til rette for at overskotsvarme frå verksemda skal kunne utnyttast eksternt med mindre verksemda kan godtgjøre at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg. Likeeins gjeld utnytting av eventuell overskotsvarme frå andre verksemdar der dette er aktuelt, jfr. pkt 10 vidare utgreiingar.

8. Avfall

8.1. Generelt

Verksemda skal i størst mogleg grad førebyggje og hindre at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ein freista å redusera innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg. Handtering av farleg avfall skal skje i samsvar med reglane for farleg avfall⁷.

Avfall som oppstår i verksemda, skal ein freista å bruka oppatt i verksemda sin produksjonen eller i andre sin produksjon, eller - for brennbart avfall – freista å utnytte til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og lovas kapitel 5 om avfall.

8.2. Sortering

Verksemda pliktar å sortere avfall med tanke på levering til godkjente mottak for destruksjon, gjenvinning, gjenbruk, deponi og godkjent mottakar av farleg avfall. Mengda avfall skal registrerast og rapporterast årlig, jfr. pkt. 11.2.

8.3. Animalsk avfall/fett/silgods

Animalsk avfall/fett/silgods skal ikkje førast til avlaupsanlegg eller leverast til deponi, men skal i utgangspunktet førast tilbake til prosessen. Dersom slikt avfall må oppbevarast, må det skje på eit vis som ikkje fører til luktulempar eller avrenning. Lager for animalsk avfall skal kunne kjøle avfallet tilstrekkeleg ned.

⁷ Forskrift om farleg avfall, av 01.01.03

9. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

9.1. Oversikt over risikotilhøve/miljøriskovurdering

Verksemda har gjennomført ei risikovurdering som inngår i verksemda sitt kvalitetssikrings-system. Vurderinga (vedlagt søknaden) omtalar tilhøve som må følgjast opp jamt (dagleg, ukentleg etc.). Desse tilhøva gjeld HMS-tilhøve generelt, m.a. rutinar for tilsyn med kontroll av utslepp, kontroll av reinseanlegg for avlaupsvatn og lukt. Det er også laga eit eige drifts-kontrollprogram for å innfri krav i eksisterande løyve.

Generelt skal miljørisikovurderinga famne om alle aktivitetar i verksemda og på verksemda sitt område, som kan føra til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskader. Verksemda skal ha oversyn over dei miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining, og dei helse- og miljømessige konsekvensar slik forureining kan føra til. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljøriskovurderinga skal inngå i verksemda sitt internkontrollsystem. Verksemda skal oppdatere denne undersøkinga innan 31/10-07 og samstundes med internkontrollsystemet.

9.2. Risikoreducerande tiltak

På basis av miljørisikovurderinga for akutt forureining skal verksemda setje i verk event. risikoreducerande tiltak som synast naudsynte. Både tiltak som reduserer faren, og konsekvensreducerande tiltak skal vurderast.

Ein oversikt over event. planlagde tiltak og tidsplanen for gjennomføring av desse skal saman med miljørisikovurderinga sendast Fylkesmannen innan 31/10-07.

9.3. Etablering av beredskap

Verksemda plikter, på bakgrunn av miljørisikovurderinga og dei farereduserande tiltaka som er sette i verk, å ha ein beredskap mot akutt forureining som vedlikeheldes. Dersom miljørisiko eller andre tilhøve som har noko å seie for beredskapen blir endra, skal beredskapen tilpassast den nye situasjonen. Slike endringar skal meldast Fylkesmannen.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan. Verksemda har ein beredskapsplan som gjeld ved alvorlege avvik til det ytre miljø. Denne må oppdaterast innan 31/10-07.

Beredskapsplanen skal som eit minimum innehalde:

- definerte fare- og ulykkessituasjonar (uhellscenarier)
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid
- etterprøvbare mål
- utgreiing om beredskapssamarbeid med eksterne partar
- utgreiing om øvingsopplegg

Beredskapen mot akutt forureining skal øvast minimum ein gong pr. år. Øvinga skal leggjast opp i høve til dei fastsette måla for beredskapen.

9.4. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift.⁸ Verksemda skal også straks informera kommunen, interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA) og Kystverket i Horten.⁹

10. Forureina grunn og sedimenter

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda skal halde løypande oversikt over event. eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område. Det same gjeld event. forureina sediment utanfor verksemda sitt område, t.d. ved utsleppsstaden. Verksemda skal vurdere faren for spreiding, om tilhøva må undersøkast og om det må setjast i verk tiltak. Dersom det vurderast som naudsynt med undersøkingar eller tiltak, skal forureiningsstyresmaktene varslas.

Graving, mudring event. andre tiltak som kan påverka forureina grunn eller forureina sedimenter, treng løyve etter forureiningslova event. godkjenning frå kommunen.

11. Vidare undersøkingar og utgreiingar

11.1. Vatn/resipientar/reinseanlegg.

Dersom forureiningsstyresmaktene krev det, jfr. forureiningslovens § 51, pliktar verksemda å syte for eller koste naudsynte undersøkingar av kvaliteten på overvatnet og effekten på resipienten. Dersom fleire verksemder leier overvatnet sitt til same prøvetakingsstad, skal verksemda delta/betala i høve til mengd overvatn.

Dersom forureiningsstyresmaktene ynskjer å vurdere effekten av utsleppet på vass- og sedimentkvalitet ved utsleppsstaden og i hovudresipienten, pliktar verksemda å støtta økonomisk i høve til storleiken på prosessutsleppet. Undersøkingar av verknaden på avlaupsnett, rekningar me med blir dekkja av påkoplingsavtalen med kommunen.

11.1.1 Driftsregularitet og reinseeffekt

Eit år etter at reinseanlegg er sett i drift, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing om driftsregulariteten og reinseeffekten til anlegga, jfr. pkt. 12.1. Dersom reinseanlegget ikkje har virka tilfredsstillande, skal verksemda leggja fram forslag til forbetringar. Verksemda pliktar å varsle Fylkesmannen når nye reinseanlegg m.v. blir sett i drift.

11.1.2 Utgreiing av årsaker til utsleppsnivå

Det skal greiast ut konkret kvifor utsleppsnivået for organisk stoff er så høgt, kor mykje forureining som kjem frå miljøfôrproduksjon og kva som må gjerast for å redusere nivået. Ein rapport om dette skal sendast Fylkesmannen innan 1/9-06. Fylkesmannen vurderer å be ein ekstern konsulent om å gå gjennom vurderingane.

⁸ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (9. juli 1992).

⁹ Telefon 33 03 48 00, 24-timers vakt

11.2. Luft

Det skal gjennomførast undersøking av luktutslepp og ein vurdering av luktpåverknad. Målingane skal skje i løpet av seinsumaren/hausten 2006 (1. Aug – 1. Nov.) og på eit tidspunkt som er representativt for høg belastning på anlegget. Resultata skal rapporterast til Fylkesmannen innan 1/2-07. Målingane og rapporteringa skal utførast av ein uavhengig, kompetent instans. Resultata vil avgjere om lukt skal være ein del av verksemda si eigenrapportering til Fylkesmannen. Dersom forureiningsstyresmaktene krev det, jfr. forureiningslovens § 51, pliktar verksemda å syte for eller koste naudsynte undersøkingar av lukt i området. Dersom fleire verksemdar er kjelder til lukt, skal verksemda delta/betala i høve til bidraget til luktbelastning i området.

11.3. Støy

Verksemda skal innan 1/2-07 senda Fylkesmannen ein rapport om resultatet av representative støymålingar utført av ein uavhengig, kompetent instans.

12. Måling av utslepp og rapportering

12.1. Måling av utslepp

12.1.1. Generelt

Verksemda skal gjennomføra kontrollmålingar av utslepp til luft og vatn, samt støy i nærmiljøet, jfr. likevel pkt. 11.2 og 11.3. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda på årsbasis og for periodar med størst aktivitet. Dei skal sikre og dokumentere at gjeldande krav i løyvet (jfr. pkt 2.1) og relevante forskrifter blir etterlevd. Eit samla måleprogram skal sendast Fylkesmannen innan 1/4-06.

12.1.2. Vassforbruk/avlaupsmengder.

Verksemda skal måle storleiken på avlaupet kontinuerleg og skal kunne registrere timesverdiar. Samtidig skal totalt vassforbruk registrerast og det skal kunne registrerast timesverdiar. Registreringa skal kunna nyttast ved kontroll av korttidsgrense I og II (jfr. pkt 2.1) og vurdering av BAT for redusert vassforbruk og avlaup.

12.1.3. Prøvetakingsprogram

Det skal tas 4 vekeblandprøvar, kvar med ca 3 mnd. intervall, og at det skal analyserast for pH, feitt, suspendert stoff (SS), totalt fosfor(tot. P), totalt nitrogen (tot. N), KOF (kjemisk oksygenforbruk) og BOF₅. Prøvane skal tas i representative veker. I tillegg til dette programmet, skal det 2 gonger tas prøvar av feitt i periodar med stor aktivitet slik at korttidsgrense I og II (jfr. pkt 3.1) blir representativt kontrollert. Dersom det syner seg at utsleppa av fosfor og nitrogen i stor grad er proporsjonale til utsleppa av suspendert stoff og organisk stoff, kan desse parameterane takast ut av programmet.

Verksemda skal innan 31/10-07 etablere eit system for kontinuerleg prøvetaking slik at det dagleg kan analyserast for organisk stoff, t.d. TOC (totalt organisk karbon), KOF eller BOF. Desse analysane skal, med ein akseptabel grad av presisjon, kunne uttrykke ein verdi for BOF₅. Avhengig av presisjonen, vedlikehaldsrutinar m.m., kan dette systemet erstatte andre målingar av KOF og BOF₅. Dersom det syner seg at det er liten variasjon i utsleppa, kan graden av kontinuitet vurderast.

Målingane/prøvetakingane skal gjennomførast etter eit program som inngår i den dokumenterte internkontrollen til verksemda. Måleprogrammet skal m.a. omtala utveljing av målepe-

riodar, fastlegging av målemetode og prøvetakingsmetode, samt bruk av event. modellverktøy/utregningsmetodar. Verksemda skal, i samband med utarbeiding og revisjon av måleprogram, vurdere kor usikre målingane er, og søke å auke presisjonen mest mogleg utan urimeleg kostnad.

Prøvetakinga skal samordnast med kommunal eller interkommunal prøvetaking slik at resultat i størst grad kan samanliknast.

For åra 2006 - 2008 skal prøvetakingsprogrammet være så omfattande, at punkt 11.1, om reinseanlegg (sil og feittavskiljar) sin driftsregularitet og reinseeffekt m.o.t. feitt og suspendert stoff blir tilfredstillande avklart.

12.1.4. Analysar

Prøvetaking og analyse skal utførast etter CEN-standard eller Norsk Standard (NS). Dersom desse ikkje fins, kan annan utanlandsk/internasjonalt standard nyttas. Fylkesmannen kan akseptere at annan metode blir brukt, også der standard finst dersom det vert dokumentert tilfredsstillande i internkontrollen at denne er minst like formålstenleg. Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er kvalitetssikra.

Luktpåverknaden skal bestemmast ved hjelp av olfaktometriske metodar. Inntil det føreligg ein eigen CEN-standard for luktemisjonar, skal alle målingar og utgreingar av luktemisjon skje etter retningsliner gitt i ”*Vejledning nr. 4/1985 om begrænsning af lugtgener fra virksomheder*”, gitt av Miljøstyrelsen i Danmark.

Dersom verksemda nyttar eksterne laboratorium/konsulentar for prøvetaking og/eller analysing, skal akkrediterte laboratorium/tenester nyttast der dette er mogleg.

12.2 Rapportering til Fylkesmannen

Innan 1. mars året etter utsleppsåret skal verksemda rapportere på standardiserte skjema som Fylkesmannen sender ut. Rapporteringa skal skje i samsvar med rettleinga til eigenkontrollrapporteringa. Denne kan sendast ut saman med rapporteringsskjemaet kvart år¹⁰. Verksemda skal i samband med rapportering angi og kommentere det som er usikkert i datamaterialet.

13. Utsifting av utstyr

Dersom verksemda skal skifte noko av utstyret som gjer det teknisk mogleg å motverke forureininga på ein vesentleg betre måte enn då løyvet blei gitt, skal den ansvarlege på førehand gi Fylkesmannen melding om dette, jf. forureiningslova § 20.

All utsifting av utstyr skal baserast på nytta dei best tilgjengelege teknikkar (BAT), med sikte på å motvirke forureining.

¹⁰ Årlig oppdatert versjon kan lastas ner frå: <http://www.sft.no/publikasjoner/andre/1929/ta1929.pdf>

14. Eigarskifte

Ved vesentlege endringar i organisasjonen som kan få noko å seia for løyvet, skal fylkesmannen ha melding frå styret i verksemda om dei gjeldande eigartilhøva og event. endra personlege ansvarstilhøve som vedkjem dette løyvet, jfr. pkt. 1.1. og pkt. 2.6.

Om verksemda blir overført til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen seinast 1 månad etter eigarskiftet. Namneendring må også meldast.

15. Nedlegging

Om verksemda blir nedlagt, går konkurs, eller stoggar drifta for ein lengre periode, skal eigar eller brukar gjere det som er naudsynt for å motverke forureining. Om anlegget eller verksemda kan føra til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand meldast til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikata eller ferdigvare, produksjonsutstyr og avfall tas hand om på forsvarleg vis. Farleg avfall skal handterast i samsvar med forskrift om farleg avfall.

Dei tiltak som blir gjort i slik samanheng, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalda dokumentasjon av disponering av kjemikalierestar og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Plan for å motverka forureining eller fare i situasjonar som nemnt ovanfor og for å rapportera tiltak, skal inngå i internkontroll til verksemda. Verksemda skal realisera planen ved fare for nedlegging, driftsstans eller konkurs.

Dersom ein ynskjer å starta verksemda på nytt, skal dette meldast til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

16. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta, eller dei som denne gjer mynde til det, inspisera anlegga til ei kvar tid.